



STRATEGISK PLAN 2020

INSTITUTT FOR LINGVISTISKE OG NORDISKE STUDIUM

Den strategiske planen for ILN for perioden 2010-2020 baserer seg på UiO ([UiO 2020](#)) og [HF sine strategiske planar](#) for same tiårsperiode. Det ligg med andre ord eit heilskapleg planverk til grunn for ILN sin strategiske plan. I tillegg er strategiplanen forankra i faglege prioriteringar for forskning og utdanning ved Universitetet i Oslo ([Kvalitet og relevans](#)).

Det strategiske planverket er strukturert i fem målområde, nemleg mål for det grense-sprengjande universitetet, læringsuniversitetet, det samfunnsengasjerte, det handlekraftige og det gode universitetet.

ILN sine strategiar blir følgde opp gjennom indikatorar. Desse vil følgje som eige dokument. På grunn av den tiårige horisonten i planen vil det bli nødvendig med justeringar i plan-perioden. Treårige handlingsplanar skal reflektere ILN sin strategiske plan og dei hovud-innretningane som UiO og HF lyfter fram i sine treårige handlingsplanar.

ILN er kjenneteikna av spesialkompetanse og fagleg breidd innanfor allmenn lingvistik, keltisk, norsk og nordisk (særleg dansk og svensk) språk og litteratur, medrekna leksikografi, litteraturformidling, namnegransking, norrønt, norsk som andrespråk, norskdidaktikk, retorikk og kommunikasjon og språkteknologi. [Senter for Ibsen-studium](#) er ein del av ILN og er eit nasjonalt og internasjonalt knutepunkt for forskning, dokumentasjon og undervisning om Henrik Ibsen. ILN har språkteknologisk og digital dokumentasjonsverksemd som skal tene humanistiske forskarar og forskingsmiljø ved UiO: [Tekstlaboratoriet](#) (TL) og [Eining for digital dokumentasjon](#) (EDD). ILN har dessutan samlings- og dokumentasjonsverksemd der dei leksikografiske og onomastiske samlingane er deponerte ved instituttet etter stortingsvedtak. I spennet mellom breidde- og spisskompetanse ligg ILN sitt potensial for å styrkje posisjonen sin som eit leiande fagmiljø gjennom eit nært samspel mellom forskning, dokumentasjon, utdanning og formidling.

Ved ILN er det per 1.1.2011 omtrent 150 tilsette, der 67 er fast vitenskapleg tilsette. Av desse har 47 forskartid i stillinga. ILN har 24 teknisk-administrativt tilsette, 23 ph.d.-stipendiatar, 6 postdoktorstipendiatar og andre mellombels prosjektilsette. ILN har ansvar for norsk-opplæring for utanlandske studentar og legar. ILN er også involvert i norskundervisning i utlandet (Kina, Georgia og Aserbajdsjan). Instituttet tilbyr 2 bachelorprogram, 4 masterprogram (haust 2011) og 2 årseiningar. ILN har 250 program- og årseiningstudentar (per 1.2.2011) og er ein tung bidragsytar til lektorprogrammet ved UiO. I tillegg har ILN enkelt- emnestudentar og studentar frå andre program. Hausten 2010 produserte ILN 21 610 studiepoeng, og 1248 studentar bestod eksamen ved ILN (men ein og same student kan ha avlagt fleire eksamenar).

ILN har tre overordna mål for strategiperioden:

1. ILN skal auke deltakinga og dermed gjennomslagskrafta på det nordiske og internasjonale forskingsområdet, og oppretthalde og styrkje posisjonen som eit av dei leiande forskingsmiljøa i Norden på sine fagfelt. For å oppnå dette vil ILN setje realistiske og ambisiøse mål for samla forskingspublisering, og setje i gang tiltak som gjer forskarane og forskargruppene våre etterspurde som europeiske og internasjonale samarbeidspartnarar.

Det er eit sentralt ansvar for ILN, som for universiteta generelt, å medverke til å utvikle fagterminologi på norsk (bokmål og nynorsk). ILN vil oppmuntre til parallellspråkleg publisering, på norsk (skandinavisk) og på internasjonale språk (som engelsk).

2. ILN skal tiltrekkje seg fleire motiverte og dyktige studentar, slik at det samla studie-tilbodet ved instituttet blir berekraftig. ILN vil prioritere studiekvalitet, læringsmiljø og dimensjonering av emneporteføljen i strategiperioden.
3. ILN skal oppretthalde dagens høge nivå på ekstern finansiering. Delar av verksemda ved instituttet gjev ikkje resultatutteljing i den noverande finansieringsmodellen ved HF. Fakultetet skal kvart fjerde år behandle justeringar av modellen og fordeling av studie-plassane, fyrste gong i 2013. I samband med det, vil ILN arbeide aktivt for at den samla verksemda ved instituttet skal gje resultatutteljing og danne finansielt grunnlag for stabil aktivitet og fagleg fornying.

Til liks med UiO 2020 og UiO sine prioriteringar for forskning og utdanning ligg den strategiske planen for ILN i spenningsfeltet mellom tradisjon og fornying. Nordiskfaget har tradisjonelt vore prega av forpliktingar overfor norsk nasjonsbygging og kulturarv. Vår tids globalisering og kulturelle endringsprosessar er følgde opp ved utviklinga av forskings- og studiefaget norsk som andrespråk, revitalisering og etablering av forskings- og studiefaget retorikk og kommunikasjon, og ved at disiplinane i nordiskfaget har inkludert fleirkulturelle og globale perspektiv. Omsynet til universitetets samfunnsplikter vil også måtte prege utviklinga av studietilbodet ved ILN i åra fram til 2020. Ei særleg utfordring representerer norsklektorutdanningane, fordi det i skulen vil bli stilt stadig større krav til skriftlege og munnlege språkferdigheiter, medrekna tekstkompetanse i vid forstand.

Forskningsbasert forvaltning og fortolking av den historiske og samtidige dimensjonen ved det norske er ein viktig del av samfunnsoppdraget ved universitetet. I UiO sine faglege prioriteringar blir norsk og nordisk språk, inkludert norrønt og eldre og nyare fleirspråklegheit, framheva som viktige satsingsområde. Også litteratur og samanliknande språkvitskap er forskingsområde ved UiO som er prioriterte høgt. Ved ILN er dette forankra innanfor nordisk språk og litteratur, norrøn filologi, andrespråksforskning, lingvistikk og språk-teknologisk forskning. Dessutan utgjer språklege og litterære databasar ved ILN viktige forskingsverktøy som vil verke til å fremje nasjonal og internasjonal forskning. Det er eit overordna mål for ILN å få fram nye idear, problemstillingar og løysingar som utfordrar eksisterande kunnskap gjennom den frie grunnforskninga, anten det er innanfor UiO sine faglege prioriteringar eller innanfor nysatsingar. ILNs viktigaste fokus for forskning og utdanning i planperioden er framleis å skaffe fram grunnleggjande innsikt og kunnskap i lingvistikk, norsk og nordisk språk og litteratur. ILN sin strategiske plan reflekterer desse dimensjonane, behova og faglege prioriteringane.

ILN vil i planperioden ha ansvar for fleire store nasjonale satsingar, som blant anna den elektroniske delen av Henrik Ibsens skrifter og jubileumsprosjektet Norsk Ordbok 2014, knytt til markeringa av 1814. Desse er med som ein viktig del del av samfunnsoppdraget for UiO og ILN.

Den strategiske planen for ILN er forankra i akademisk fridom, kollegialitet, høg kvalitet og respekt for eigenarten ved vitskapen. Dette er verdiar som gjev høgt truverde og godt omdømme. ILN skal ha eit auka fokus på samspelet mellom fagleg aktivitet, leiing, støttestrukturar og infrastruktur. Det er eit overordna mål for ILN å sikre god økonomi-styring, eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette og godt læringsmiljø for studentar og stipendiatar.

UiO 2020: Eit grensesprengjande universitet

Mål 1: UiO skal fremje grensesprengjande forskning, utdanning og formidling og vere ein etterspurd internasjonal samarbeidspartnar

Det grensesprengjande universitetet set auka tverrfaglegheit og internasjonalt forskings-samarbeid, undervisning og rekruttering i fokus. Kvalitetsmessig skal verksemda nå eit leiande europeisk nivå.

Side | 3

ILN har ein nordisk og internasjonal profil. Mange av forskarane ved ILN hevdar seg i den norske og nordiske forskingsfronten. I tillegg deltek tilsette og studentar i internasjonale forskingsmiljø: dei publiserer i internasjonale kanalar, dei deltek på og arrangerer internasjonale konferansar, og dei er med i internasjonale forskarnettverk. Men det er framleis potensial for at fleire på denne måten medverkar til internasjonal fagutvikling og høgare forskingskvalitet. ILN vil ved bruk av tilpassa og målretta insentiv stimulere forskning og forskingssamarbeid som er i den internasjonale forskingsfronten. Mykje av det pågåande tverrfaglege forskingssamarbeidet ved ILN viser at faglege skiljelinjer med hell kan brytast ned for å belyse og svare på utfordringar i samfunnet. ILN vil aktivt støtte forskingssamarbeid som dreg i denne retninga. ILN vil arbeide for at studieprogramma til ei kvar tid reflekterer utviklinga i faga, slik at det er eit nært samspel mellom forskning og utdanning.

ILN vil setje i gang tiltak som medverkar til å auke forskingspubliseringa og deltakinga frå dei tilsette i internasjonal fagutvikling. Éin veg til dette er å stimulere nordisk samarbeid, og bruke det aktivt som ei bru inn i det europeiske og internasjonale forskingsområdet. ILN vil også ta vare på og vidareutvikle internasjonalt samarbeid der dette alt er etablert. Nettverksbygging og samarbeid er ofte på individnivå. ILN skal medverke til at strategisk prioritert forskingssamarbeid blir forankra også institusjonelt.

Styrken i den faglege breidda ved ILN blir reflektert i at fleire av forskarane og forskargruppene på instituttet i dag arbeider tverrfagleg og inkluderer metodologiske og teoretiske perspektiv frå antropologi, estetikk, historie, informatikk, medievitskap, medisin, pedagogikk, psykologi, sosiologi, o.a. i tilnærminga si til språk og litteratur. Dette er i tråd med utviklinga av lingvistikken og nordiskfaget, og set forskarane i stand til å arbeide i grenseflata mellom etablerte fagdisiplinar. Klinisk lingvistik og språkteknologi blir til dømes lyfte fram i UiO sine faglege prioriteringar som forskingsfelt med potensial for samarbeid med naturvitskapelege forskingsdisiplinar. ILN vil stimulere til auka samarbeid på tvers av etablerte faggrensar for å formulere nye forskingsspørsmål og skape nye forskingsresultat. Ein føresetnad for å kunne arbeide tverrfagleg er grunnleggjande innsikt og kunnskap i lingvistik, norsk og nordisk språk og litteratur, og dette vil derfor vere det viktigaste fokuset ved ILN for forskning og utdanning i planperioden.

ILN skal konkurrere om dei beste prosjekta, forskarane og studentane. Når det gjeld rekruttering av vitskapeleg tilsette og stipendiatar, er målet å rekruttere dei beste kandidatane uavhengig av nasjonalitet.

I nasjonal og internasjonal samanheng tilbyr ein fleire studium berre ved ILN, som master i retorikk og kommunikasjon, Ibsen Studies og Nordic Viking and Medieval Culture. Med tanke på UiO sine faglege prioriteringar for utdanning er det likevel eit potensial for å auke den internasjonale dimensjonen i utdanninga. Eit utstrakt samarbeid med særleg relevante

universitet i Norden og Europa skal stimulere til utveksling over landegrensar og sikre tilgang til meir spesialisert og komplementær fagkompetanse i dei ulike landa. ILN er i ferd med å byggje opp ein fellesnordisk mastergrad i litteratur og har som mål å byggje opp slike innanfor fleire disiplinær. ILN skal stimulere til auka lærar- og studentmobilitet, både for innreisande og utreisande studentar og lærarar.

ILN har eit allfakultært ansvar når det gjeld å gje utanlandske studentar opplæring i norsk språk. Instituttet arbeider for å sikre eit kvalitativt godt og ettertrakta tilbod også i framtida.

Høg kvalitet i forskning og forskingsbasert undervisning krev tilgang til framtidretta infrastruktur, særleg i form av IKT- og bibliotektenester. Dei språklege og litterære data-basane skal blant anna brukast aktivt i forskning og undervisning, og ILN vil arbeide for å vedlikehalde og utvide dei. ILN vil også medverke til å syte for at samlinga ved Universitetets bibliotek for humaniora og samfunnsfag framleis skal fungere på ein god og tenleg måte for forskarar og studentar ved instituttet.

ILN sine strategiar:

1. ILN skal auke deltakinga og gjennomslagskrafta på det nordiske og internasjonale forskingsområdet. Dette krev tiltak som stimulerer til forskningssamarbeid og som synleggjer forskarane og forskargruppene våre og gjer dei etterspurde som europeiske og internasjonale samarbeidspartnarar.
2. ILN skal stimulere til internasjonal publisering i teljande kanalar og særleg i dei mest meritterande publikasjonskanalane, både i Norden og internasjonalt. ILN skal oppmuntre til parallellspråkleg publisering, på norsk og engelsk.
3. ILN skal leggje til rette for tverrfagleg forskning og undervisning både internt på instituttet og på tvers av institutt-, fakultets- og institusjonsgrensar.
4. ILN skal gjennom god informasjon og tilrettelegging stimulere til auka lærar- og studentmobilitet.
5. ILN skal arbeide for å få fleire og betre kvalifiserte studentar på dei engelskspråklege programma og enkeltemna ved ILN.
6. ILN skal ha auka fokus på jamleg oppdatering og utvikling av instituttet sine nettsider på bokmål, nynorsk og engelsk, og på andre former for synleggjering av den faglege verksemda ved instituttet på Internett og gjennom annan digital kommunikasjon.
7. ILN skal arbeide for å utvikle fellesgradar i Norden og andre former for undervisnings-samarbeid i Europa, til dømes via Erasmus Intensive Programmes.

Mål 2: UiO skal tilby forskningsbasert utdanning på linje med dei fremste internasjonale lærestadene

Læringsuniversitetet legg vekt på høgt motiverte studentar, forskningsbasert utdanning av høg kvalitet og godt læringsmiljø. Toppmiljø i utdanning skal ha nær tilknytning til toppmiljø i forskning samstundes som utdanninga skal ha større samfunnsrelevans.

Studietilbodet ved ILN reflekterer både den faglege breidda ved instituttet og spesialkompetanse innanfor allmenn lingvistikk, keltisk, norsk og nordisk språk og litteratur. Dette medverkar til at studentane gjennom studietida blir utrusta med både djupne- og breiddekompetanse som førebur dei til kunnskapssamfunnet. Undervisninga ved ILN er og skal vere forskningsbasert, også på tvers av etablerte faggrensar, og i samsvar med dei nyaste forskingsresultata.

Til liks med UiO sine faglege prioriteringar for utdanning har ILN eit særskilt fokus på studiekvalitet og læringsmiljø. Fagleg og pedagogisk kompetanse skal vere tett integrerte. Undervisningsformene, som bruken av IKT, skal vere fleksible og framtidsretta. ILN skal syte for kontinuerleg opplæring av lærarstaben. ILN skal gjennom styrking av studierettleiinga førebyggje fråfall på programma, blant anna gjennom tidleg tildeling av kontaktperson og rettleiar på masternivå, ytterlegare styrking av det fagleg-sosiale miljøet og stimulering til auka studentengasjement. Oppbygging av studieprogramma skal sikre studentane ei brei fagleg basisutdanning, blant anna gjennom eit felles studieløp fyrste år, og eit føreseieleg opplegg gjennom ei fast rullering av emne. ILN vil prøve å leggje til rette for undervisning på tvers av tradisjonelle faglege skiljelinjer. Det er eit overordna mål for ILN at studentar og stipendiatar opplever tilhøyrsløse til instituttet.

ILN har omfattande kontakt med departement, skular og andre arbeidslivsinstitusjonar. ILN skal vidareutvikle denne kontakten ut frå kravet om samfunnsrelevans og gjere utdanningsløpa meir arbeidslivsrelevante. ILN er ein viktig bidragsytar til lærarutdanninga, og skal vere landets beste tilbydar av norskfagleg utdanning, med eit særskilt ansvar for å vareta kompetanse i begge målformer.

ILN skal vere ein synleg og profesjonell tilbydar av forskings- og profesjonsbasert etter- og vidareutdanning, særleg innanfor norsk og nordisk språk og litteratur, norsk som andrespråk og retorikk og kommunikasjon.

ILN sine strategiar:

8. ILN skal tiltrekkje seg fleire motiverte og dyktige studentar, slik at det samla studietilbodet ved instituttet blir berekraftig, både på bachelor-, master- og ph.d.-nivå.
9. Studieprogramma ved ILN skal ha høg fagleg kvalitet for å tiltrekkje seg motiverte og dyktige studentar. Programma skal vere føreseielege gjennom dimensjonering av emneporteføljen også i framtida. Studieløpa skal vere arbeidslivsrelevante.

10. ILN skal etablere prosjektemne med prosjektsemester der studentane får kombinert relevant arbeidslivspraksis med fagteori. ILN skal synleggjere studentane og stipendiatane sin kompetanse overfor sentrale aktørar i arbeidslivet.
11. ILN skal medverke til at UiO utdannar fagleg dyktige norsklektorar, som er godt førebudde til yrkesutøvinga si.
12. ILN skal syte for kontinuerleg opplæring av lærarstaben sin og sikre at undervisningsformene, som bruken av IKT, skal vere oppdaterte og framtidsretta.
13. ILN vil leggje til rette for at bachelor- og masterstudentar og ph.d.-stipendiatar ved ILN skal gjennomføre studia på normert tid. Gjennomføringstid og -grad blir jamleg undersøkt.
14. ILN skal styrkje forskarutdanninga ved HF gjennom å styrkje rettleiarrolla og arbeide for ein betre integrasjon mellom ph.d.-programma og fagmiljøa ved instituttet. Ph.d.-stipendiatane skal integrerast godt fagleg og sosialt i forskingsmiljøa ved ILN. ILN skal i samarbeid med ph.d.-leiarane som er representerte på instituttet, medverke til at kurstilbodet i forskarutdanninga er relevant fagleg og i forhold til arbeidslivet. Samarbeidet med andre institusjonar om ph.d.-utdanninga skal styrkjast.
15. ILN skal halde fram arbeidet med å sikre fagleg og pedagogisk kvalitet gjennom kontinuerleg evaluering av studietilbod, undervisning og karakterfastsetjing, i tillegg til eit godt samarbeid med studentorgana.



UiO 2020: Eit samfunnsengasjert universitet

Mål 3: Universitetet i Oslo skal gjennom aktiv dialog og samarbeid medverke til at forskningsbasert kunnskap blir brukt for å møte dei store samfunnsutfordringane i det 21. hundreåret

Side | 7

Det samfunnsengasjerte universitetet har merksemda retta mot dialog og samarbeid med samfunnet utanfor universitetet. Ambisjonen er høg for digital formidling av kunnskap og betre samspel mellom fagutvikling og aktuelle samfunnsutfordringar.

Forskarane ved ILN er aktivt til stades i norsk offentlegheit og medverkar til å oppretthalde eit høgt kunnskapsnivå om språk, språkutvikling og nordisk litteratur. Det er likevel potensial for ytterlegare kunnskapsformidling. ILN skal oppmuntre til tradisjonell formidling i form av føredrag, allmennretta bøker og deltaking i radio, tv, aviser o.a., men også til kunnskapsformidling gjennom sosiale medium og digitale kommunikasjonskanalar. ILN skal oppretthalde deltakinga si på ulike formidlingsarenaer, som Fagleg-pedagogisk dag og Forskingstorget, og utvide formidlinga si overfor skule, arbeidsliv o.a. Mange av dei tilsette og stipendiatane ved ILN har formidlingskompetanse. Det er likevel behov for å styrkje denne kompetansen generelt og digital formidlingskompetanse spesielt. Det er eit overordna mål for ILN at kunnskapsformidling skal vere meritterande.

ILN skal, i samsvar med UiO 2020 og den strategiske planen for HF, leggje stor vekt på kunnskapsutvikling basert på samarbeid med aktørar frå samfunns- og arbeidsliv utanfor UiO, både når det gjeld forskning og undervisning. For undervisning vil praksisplassar vere aktuelt, for forskning vil det vere naturleg å samarbeide med aktørar innanfor departement og anna forvaltningsverksemd, helse-, skule- og undervisningssektor, informasjons- og kommunikasjonsbransjen, forlagsbransjen, kulturinstitusjonar o.a.

Samlings- og dokumentasjonsverksemda ved ILN utgjer ein viktig del av ILN sitt samfunnsoppdrag. ILN har blant anna ansvar for dei leksikografiske produkta Bokmålsordboka, Nynorskordboka, Norsk ordbank og jubileumsprosjektet for 1814, Norsk Ordbok 2014. Eining for digital dokumentasjon (EDD) og Tekstlaboratoriet (TL) har bygd opp og nyutviklar språklege og litterære databasar som er viktige forskingsverktøy og viktige reiskapar for ålmenta. EDD og TL er fakultetsfinanserte verksemdar. Det er eit overordna mål for ILN at den kompetansen som desse dokumentasjons- og teknologimiljøa har, blir breiare utnytta, både av andre forskarar og forskargrupper på HF, på UiO, på andre universitet og høgskular, i undervisning og av skule og arbeidsliv utanfor UiO.

ILN skal medverke til medvit om god, klar og tenleg språkbruk i ålmenta, praktisere reell likestilling mellom bokmål og nynorsk i samsvar med mållova, motverke fordømmar og fremje toleranse og positiv interesse for språkleg variasjon innanfor norsk tale og skrift og i forhold til det fleirspråklege Noreg.

Humanistiske perspektiv synest å vere på retrett når nasjonale og europeiske finansieringskjelder utviklar sine satsingar og forskingsprogram. Det er eit overordna mål for ILN å stimulere til at dei tilsette deltek når premissane blir lagde for forskingsatsingar slik at språklege og litterære perspektiv blir inkluderte der det er relevant.

ILN sine strategiar:

16. ILN skal vere ein aktiv formidlar av forskingsbasert kunnskap om språk og litteratur både i tradisjonelle og nye kanalar. ILN sine tilsette og studentar skal delta i samfunnsdebatten ved å bidra med fakta, analysar, nyansar og kritikk.
17. Kunnskapsformidling skal vere meritterande. ILN skal vurdere tiltak som aukar meritteringa.
18. ILN skal setje i verk tiltak for å synleggjere overfor studentar og ulike aktørar i samfunns- og arbeidsliv dei ulike karrierealternativa som faga ved ILN gjev. ILN skal inngå forpliktande samarbeid med aktørar i samfunns- og arbeidsliv utanfor UiO om kunnskapsutvikling og praksisplassar for studentar.
19. ILN skal syte for kompetanseheving hjå sine tilsette både når det gjeld formidling og digital kompetanse. Dette vil også vere aktuelt for studentar og stipendiatar.
20. ILN skal medverke til god og tenleg språkbruk i ålmenta, til å auke medvitet om norsk språk (bokmål, nynorsk og talespråksvariasjon) i samfunnet generelt, og til å auke toleransen og forståinga for det fleirspråklege Noreg.
21. ILN skal med forankring i forskning framleis fungere som eit nasjonalt knutepunkt for dokumentasjon av norsk og nordisk språk og litteratur, gjennom forvaltning, tilgjengelegging og bruk av dei omfattande elektroniske samlingane ved instituttet, og gjennom aktivt å delta i offentleg språkpolitikk og språkadministrasjon på eit solid fagleg grunnlag.

UiO 2020: Eit handlekraftig universitet

Mål 4: Universitetet i Oslo skal forvalte dei samla ressursane sine offensivt, slik at dei står opp om kjerneaktivitetane

Det handlekraftige universitetet fokuserer på betre prioritering av ressursar for å leggje til rette for kjerneverksemda. UiO 2020 legg til grunn at ”sterke miljøer skal utvikle seg vidare, mens miljøer med kvalitetsmessige utfordringer skal vurderes nærmere med tanke på utvikling eller avvikling.”

Side | 9

Eit handlekraftig ILN er avhengig av gode rammevilkår for studentar og tilsette. Ved innføring av ny finansieringsmodell ved HF per 1.1.2010 er ILN sett i ein krevjande økonomisk situasjon. Fakultetet skal kvart fjerde år behandle justeringar av modellen og fordeling av studieplassane, fyrste gong i 2013. I samband med det vil ILN arbeide aktivt for at den samla verksemda ved instituttet skal gje resultatutteljing og kan danne finansielt grunnlag for stabil aktivitet og fagleg fornying.

ILN skal oppretthalde dagens høge nivå på ekstern finansiering og auke EU-finansiering i planperioden. ILN skal syte for at grunnfinansiering og eksternfinansiering verkar gjensidig forsterkande. Totalkostnader ved ulike typar prosjektverksemd skal vurderast nøye. ILN skal sikre at søknader om ekstern finansiering er forankra i faglege prioriteringar for forskning og utdanning, og aktivt identifisere og prioritere område og miljø for ekstern finansiering.

ILN legg blant anna dei faglege prioriteringane for forskning og utdanning ved UiO til grunn for fordeling av faglege og administrative ressursar. Nyutvikling skal sikrast gjennom strategiske grep, rekruttering og insentivmidlar. ILN skal jamleg vurdere insentivstrukturen sin for å sikre at han fremjar kvalitet. Per 2011 utgjer Småforskmidlane frå UiO og forskingskomiteen sine midlar viktige delar av ILN sine kjelder for insentiv. Forskings- og utdanningsmiljø som merkjer seg ut med høg kvalitet, skal ha gode vilkår. Miljø som har problem med å utføre kjerneaktivitetane, skal vurderast med tanke på anten utviklingstiltak, blant anna gjennom rekruttering, eller mogleg arbeidsdeling med andre fagmiljø nasjonalt og internasjonalt. ILN skal likevel sikre at fagmiljø og fagdimensjonering ikkje blir avgjorde av tilfeldige avgangar.

Gode rammevilkår for vitskapleg tilsette inkluderer driftsmidlar, naudsynt infrastruktur og samanhengande tid til forskning. Dei administrative ressursane skal brukast slik at kvalitets-effekten for forskning og undervisning er størst. Dei løyvande organa stiller stadig større krav til kontrollrutinar og dokumentasjon av verksemda. Dette krev ei jamleg vurdering av kva støttefunksjonar det er bruk for.

ILN er i hovudsak lokalisert i Henrik Wergelands hus, Øvre Blindern. Men delar av verksemda er plassert i Gaustadalleen. Det er eit overordna mål for ILN at instituttet blir samlokalisert for betre integrasjon mellom dei ulike delane av verksemda. Behovet for oppgradering av dei nedste etasjane i Henrik Wergelands hus skal prioriterast i planperioden. Dette vil gje betre rammer for framifrå forskning og eit moderne arbeids- og læringsmiljø.

ILN sine strategiar:

22. ILN vil arbeide for å sikre stabil og tilstrekkeleg finansiering for den delen av verksemda ved instituttet som ikkje gjev resultatutteljing i noverande finansieringsmodell.
23. ILN skal oppretthalde dagens høge nivå på ekstern finansiering og auke den EU-finansierte forskinga. Det er også eit mål å auke prosjektfinansieringa frå nordiske institusjonar. ILN vil vurdere tiltak som gjev insentiv til å auke den nordiske og europeiske prosjektfinansieringa.
24. Det er eit overordna mål at ILN har ein god balanse mellom løns- og driftskostnader. Den delen av instituttbudsjettet som er bunden i fastløn, skal ikkje overstige 85 %.
25. ILN skal sikre eit godt samspel mellom støttefunksjonar, infrastruktur og fagleg aktivitet. Forskningsstøttefunksjonen ved ILN skal styrkjast.
26. ILN skal halde fram å leggje til rette for samanhengande tid til forskning gjennom blokkundervisning og annan konsentrasjon av undervisninga, emnedeling og høve til forskingsfri.
27. ILN skal halde fram med å fordele ressursar på grunnlag av faglege prioriteringar for forskning og utdanning og skape rom for nye satsingar. Stillingsplanar skal brukast som verkemiddel i dimensjonering av fagmiljøa. I tilfelle der avgangar av vitskapleg tilsette svekkjer viktige fagdisiplinar og gjer det vanskeleg for fagmiljøa å utføre kjerneaktivitetane, skal instituttet setje i verk tiltak.
28. ILN skal ta aktivt del i nasjonale og nordiske prosessar for auka samarbeid og arbeidsdeling mellom fagmiljø.
29. ILN skal samlokaliseras, og dei nedste etasjane av Henrik Wergelands hus skal utbetrast.



Mål 5: Universitetet i Oslo skal leggje til rette for at studentar og tilsette skal realisere sitt potensial i eit godt arbeids- og læringsmiljø

Det gode universitetet legg vekt på medråderett og universitetsdemokrati, tydelegare leiarar, høve til profesjonell og fagleg utvikling og ein medviten rekrutteringspolitikk. Arbeids- og læringsmiljøet skal vere ein medverkande grunn til at studentar og forskarar søker seg til UiO.

Mange av ILN sine studentar, stipendiatar og tilsette opplever ILN som ein god stad å vere. Det er likevel potensial for å forbetre arbeids- og læringsmiljøet. Eit godt arbeidsmiljø er avhengig av profesjonalitet, høg kompetanse, evne til fornying, gjensidig lojalitet, rausheit og ros, og ikkje minst opne avgjerdsprosessar, tydeleg leiing, klare roller og ansvarsfordeling i alle delar av instituttet. Eit godt læringsmiljø er avhengig av høg fagleg kompetanse, føreseielege studieløp, oppdatert og framtidsretta bruk av IKT, motiverte og innsatsvillige studentar, eit godt samarbeid mellom studentar, deira organ og dei tilsette og eit godt psykososialt miljø for læring. Omdømme, arbeids- og læringsmiljø og produktivitet påverkar og føreset kvarandre. Høg kvalitet på alle desse områda er eit overordna mål for instituttet.

ILN har ein relativt god kjønnsbalanse. Denne likestillinga skal haldast oppe og styrkjast gjennom rekruttering og oppfølging av tilsette i stillingsgrupper der det framleis er ein skeiv kjønnsbalanse, som blant tilsette med forskartid i stillinga og i norskopplæringa for utanlandske studentar. For faste og mellombels tilsette skal det gjevast ei betre oppfølging der ein gjer karrierealternativa tydelege. For faste vitenskapleg tilsette skal også krav til kompetanse tydeleggjera. Til liks med UiO 2020 skal ILN leggje til rette for at tilsette i ulike livsfasar og med ulik bakgrunn og funksjonsevne skal kunne utvikle potensialet sitt og medverke til felles mål. ILN har som mål å auke minoritetsdelen blant studentar og tilsette.

Breiddekompetansen ved ILN blir reflektert i fleire fagmiljø der det ikkje har vore tradisjonar for å samarbeide om forskning, utdanning og formidling. ILN skal stimulere til samarbeid på tvers av etablerte fagdisiplinar og mellom administrasjon og fagleg tilsette. ILN skal auke profesjonaliseringa og kvaliteten i forvaltnings- og støttefunksjonane ved å leggje til rette for fagleg kompetanseutvikling for teknisk-administrativt personale.

ILN sine strategiar:

30. ILN skal ha auka fokus på tydelege roller og ansvarsfordeling i alle delar av organisasjonen. Tilsette og studentar skal vite kvar avgjerder blir tekne og oppmuntrast til medråderett gjennom deltaking i universitetsdemokratiet.
31. ILN skal syte for kompetanseutvikling hjå alle tilsette. Karrierealternativ skal gjerast tydelege for mellombels og fast tilsette.
32. ILN skal stimulere til samarbeid mellom fagmiljøa og mellom vitenskapleg og administrativt tilsette.
33. ILN vil auke innsatsen for eit godt fysisk og psykososialt arbeids- og læringsmiljø. Studentar og tilsette si oppleving av dette skal vere i fokus, og utfordringar og konflikhtar skal takast tak i så tidleg som råd.
34. ILN skal ha auka fokus på god internkommunikasjon.